

# Møte i FAU ved Meland ungdomsskule

**Dato: 26. oktober 2016**

Til stades:

Are Folkestad (9A)

Kristine Haugland (9B)

Marit Henanger(TL leder)

Meibel Våge(8B)

Kristine Sudmann(8A)

## **Sak 1 – Planleggingsdag for aktivitetkvelden 26. november**

Aktivitetkvelden er på Meland ungdomsskule torsdag 17. november kl.1800-2045

Postar (Are omtalar av dei ulike leikane/kokurransane):

- 1) Byggja høgast mogleg tårn av marshmallows og spaghetti (handleliste: marshmallows og spaghetti)
- 2) Stabla mutrar ved hjelp av blyantar (handleliste: mutrar. Skulen har blyantar)
- 3) Byggja tårn av bordtennisballar og plastkoppar (handleliste: bordtennisballar. Plastkoppar har vi.)
- 4) Spela «bowling» med ballongluft og plastbeger (handleliste: ballongar. Plastbeger har vi.)
- 5) Gruppefotografering med tema (NN tek med kamera og stativ. Vi viser bileta på prosjektor for alle til slutt)
- 6) Halda bøtter som veker i begge armene, ei flaske med vatn i kvar bøtte (handleliste: to bøtter)
- 7) Nonstop og beger (handleliste: Nonstop. Plastbeger har vi.)

Kristine kjøper inn bordtennisballar og mutrar dersom vi mangler dette. Vi har noe fra forrige års arrangement.

Kristine kjøper inn resten til postane (sjå over) pluss premiar, kaffi, te, saft, saftdunk og serviettar.

Are stiller med «poengark» som kvart av laga har med seg rundt på postane. Vibecke har mal til slikt ark.

Alle i FAU må vera med og ta ansvar for postar.

Litt om resten av programmet:

Diskusjonsgruppe(er) med foreldre som kan diskutere fremtidige klassesettur for 10 klasse trinn

Marit ordnar med pengar, pengeskrin og vekslepengar til kafeen.

Are ønskjer velkomen, presenterer opplegget for kvelden og deler elevane inn i gruppe. Deler også ut premiar under avslutninga.

Alle foreldre tek med mat: Seinast 1800 må maten leverast i kantina. Kristine er kantinesjef.

**Alle i FAU inklusive vara møter seinast kl 1730 i kantina. Dersom ein ikkje kan møte gi beskjed til  
Are Folkestad : 406 75 027 innen 9.11.2016**

*Referent:*

*Are Folkestad*

# Referat frå møte i FAU ved Meland ungdomsskule

Dato: 15. februar 2016.

Til stades: Liv Fløysand, Roger Myhr, Vibecke Samuelsen, Hilde B. Hugaas, Hanna Erikstein (deltok under sak 1), Are Folkestad og Arve Kjell Uthaug.

## Sak 1 – erfaringar frå skuleballet 13. februar 2016

Bra arrangement, masse folk og godt opplegg. Vi var mange vakter, og ting gjekk stort sett roleg og fint føre seg. Utleigar var ikkje nøgd med reinhaldet; så det måtte ekstra vask til, og det utgjer ei rekning på 500 kroner. FAU, og ikkje ballkomiteen, dekkjer denne rekninga.

Det var litt kluss med klokkeslettet, men det gjekk bra og vi fann eit kompromiss som fungerte. Det er viktig med god kommunikasjonslinje mellom FAU og arrangementskomiteen; det er ein lærdom å ta med til neste år. Neste gong bør det vera med nokon frå ballkomiteen på møtet i FAU, slik at vi ikkje «snublar i beina på kvarandre».

Både Meland aktiv og ungdomshuset på Grasdal har sine fordelar og ulemper. Ungdomshuset på Grasdal er i minste laget. Til neste år kan òg Musikkhallen på Tveit vera eit alternativ, den er større enn ungdomshuset på Grasdal. FAU foreslår at arrangementet blir rundt Valentinsdagen også neste år.

Det kan vera ein god ide at det er lærar med på arrangementet heile tida. Ho eller han kan i så fall raskt sjå om det dukkar opp nokon som ikkje høyrer til på arrangementet, og elles om det er nokon av elevane som treng ekstra oppfølging.

## Sak 2 – ettermiddagsarrangement om dataspel og nettmobbing

Rektor har bestilt inn Barnevakten til eit ettermiddagsarrangement våren 2016 ([www.barnevakten.no](http://www.barnevakten.no)). Sannsynleg dato er 6. april. Elevane får høyra eitt foredrag, foreldra eit anna. Tema for begge foredraga er dataspeling og mobbing på nett. Skulen merkar at det er ein del ryktespreiing og «drittstenging» på nett, og det er viktig å ta tak i dette. Arrangementet blir obligatorisk for elevane, og foreldra blir sterkt oppmoda om å delta. Rektor spurde om tilskipinga kan vera eit spleiselag mellom FAU og skulen, i tillegg til at rektor søker kommunen om å få dekt lokalet.

*Vedtak: FAU er med på å dela rekninga for arrangementet med skulen. FAU betalar like mykje som skulen, men likevel ikkje meir enn 5 000 kroner.*

## Sak 3 – elevmiljøet på skulen

Skulen jobbar ganske mykje med elevmiljøet, spesielt i 9.-klasse. Rektor orienterte om problem og utfordringar. Politiet har vore på skulen og orientert om kva som er lov og ikkje lov på nettet. Nettmobbing, og dataspel er utfordringar.

Referent:

Arve Kjell Uthaug